



Arkivnr: 2014/21167-2

Saksbehandlar: Arne Åsan

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		11.11.2014
Fylkesutvalet		19.11.2014

Søknad om nasjonalt senter for odontofobi

Samandrag

Senter for odontofobi (SFO) blei starta i 1990 som eit samarbeid mellom Universitet i Bergen og tannhelsetenesta i Hordaland. Senteret si oppgåve er å vera eit forskings- og behandlingssenter for menneske i alle aldersgrupper med sterk angst for tannbehandling.

Tannhelsetenesta kompetansesenter (Tk) Vest/Hordaland blei etablert i august 2014 i det nye odontologibygget på Årstadvollen. Frå då av fekk Hordaland fylkeskommune det heile ansvaret for drifta av SFO, organisert under TkVest/Hordaland.

Etter oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) er det etablert – eller er under etablering – fem regionale odontologiske kompetansesentre i landet eigm og dreven av dei aktuelle fylkeskommunane. Alle desse fem regionale kompetansesentra har fått i oppdrag å etablira eit tannhelsetilbod til menneske med odontofobi. Tilboden er under utviding til også å omfatte menneske som har vore utsette for tortur eller overgrep.

Det er i dette arbeidet behov for å utarbeida og samordna felles nasjonale læreplaner. Det er og behov for å plassere ansvar for forsking og fagutvikling slik at nasjonale retningslinjer i størst mulig grad er evidensbaserte. SFO ved TkVest/Hordaland er ut frå sin historie, erfaring og kompetanse utan tvil best eigna til å ha eit slik nasjonalt fagansvar innan fagfeltet odontofobi. Fylkesrådmannen vil søka Helse- og omsorgsdepartementet om at Senter for odontofobi ved TkVest/Hordaland blir tillagt eit slikt nasjonalt fagansvar. Det er eit statleg ansvar å finansiera etablering av eit slikt nasjonalt senter for odontofobi.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet støttar fylkesrådmannen sin søknad om at Senter for odontofobi ved TkVest/Hordaland blir eit nasjonalt senter for fagområdet med ansvar for å utarbeida, samordna og innføra felles nasjonale læreplaner, samt forsking og fagutvikling.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Arne Åsan
fylkestannlege

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 16.10.2014

Senter for odontofobi si historie

Hausten 1990 blei det i Bergen danna ei interessegruppe for oppretting av eit forsking- og behandlingssenter for pasientar med angst for tannbehandling. Interessegruppa var samansett av medlemmer frå UiB og Den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland. I mars 1992 blei det fatta vedtak i fakultetsrådet om oppretting av Senter For Odontofobi (SFO) i ein prøveperiode på 3 år som eit samarbeidsprosjekt mellom Det psykologiske fakultet, Det odontologiske fakultet og Den offentlige tannhelsetenesta i Hordaland. Målsettinga var å drive forsking, undervisning og klinisk behandling av pasientar i alle aldersgrupper med angst for tannbehandling. SFO blei formelt opna 2 nov. 1992. Senteret har frå då av tatt i mot pasientar som har meldt seg sjølv eller har vore tilvist frå tannlegar eller anna helsepersonell. Allereie frå starten har hovudprinsippet for behandlinga vore ein gradvis eksponering til behandlingsituasjonen, og kor målet er at framtidig behandling og oppfølging skulle fortsette hos eigen tannlege/tannpleiar etter avslutta behandling på SFO.

Frå og med 1996 blei det starta med regulær undervisning i fagfeltet odontofobi både for tannlege- og tannpleiarstudentar ved UiB. Seinare har SFO også utvida odontofobiundervisninga med opplæring i klinisk kommunikasjon.

Sidan januar 1996 har 5 PhD-studentar fått si rettleiing ved SFO. Det er og knytt internasjonale kontaktar, til dømes er det oppretta eit samarbeid med University of Washington, USA der fleire kandidatar har vore på 6 vekers utvekslingskurs (Summer Institute). Dette er eit nyttig samarbeid både i klinisk og i forskingssamanhang.

Bemanningsstyrke ved SFO er pr oktober 2014:

To psykologar (til saman 140%-stilling)

Tre tannlegar med spesialutdanning i fagområdet (til saman 100%-stilling)

Ein tannhelsesekretær (75%-stilling)

Ein PhD-stipendiat (100%-stilling)

Nasjonalt senter for odontofobi

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har dei seinare åra hatt ei målretta satsing for å gje menneske som har sterkt angst for tannbehandling eit betre tannhelsetilbod. Gruppa er og utvida til å omfatte menneske som har vore utsett for tortur og overgrep. Ansvaret for gje eit slik tannhelsetilbod er lagt til dei fem regionale odontologiske kompetansesentra.

Som ein del av denne satsinga skal nokre tannhelseteam som arbeider ute i den utøvande tannhelsetenesta i kvart fylke få opplæring i behandling av denne pasientgruppa. I Hordaland er slike team allereie etablert på Stord tannklinik og på Norheimsund tannklinik. I 2015 har Helsedirektorat innvilga budsjettmidlar til eit team i Nordhordland, som truleg blir lokalisert på Knarvik tannklinik.

I lys av denne satsinga vil det være viktig og riktig å oppretta eit nasjonalt senter for odontofobi. Eit slikt senter vil kunne forankre og vidareføre den kunnskapen og den røynsla som allereie er etablert, samt sikre vidare fagutvikling og forsking i fagområdet. Med eit nasjonalt senter kan fagpersonar frå dei ulike forskingsbaserte odontofobimiljøa i Norge (Oslo, Tromsø og Bergen) knyttast saman og bidra til ei nasjonal planutvikling. Det nasjonale odontofobisenteret vil då vera drivkraft i eit forskingsnettverk, noko som er i tråd med HelseOmsorg21 sine tilrådingar.

Det vil være naturlig at eit nasjonalt senter skal arbeide målretta for å førebygga at personer utviklar angst for tannbehandling. Som ein del av det førebyggande helsearbeidet vil eit nasjonalt senter arbeide med å utvikle førebyggande og kompetansehevande program med omsyn til informasjon, undervisning og rettleiing. Senteret vil få i oppgåve å etablera samarbeid med dei odontologiske utdanningsinstitusjonane, den offentlige tannhelsetenesta, den private tannhelsetenesta, og andre helseinstitusjonar som distriktspsykiatriske sentre, og ulike støttesentre og utdanningsstader. Andre viktige samarbeidspartar vil være private tannleger og fastleger.

Nasjonalt senter for odontofobi skal gi psykologisk behandling og tannbehandling til personar med sterk angst for tannbehandling, til personar som har vore utsett for tortur eller overgrep. Nasjonalt senter for odontofobi skal og driva med forsking i fagområdet, og samordna og formidla kunnskap til heile helsetenesta. Målet er å førebygge og redusera dei personlege helsemessige, sosiale og samfunnsøkonomiske konsekvensar som odontofobi og sterk angst for tannbehandling medfører.

Nasjonalt senter for odontofobi - finansiering

Det er eit statleg ansvar å finansiera etableringa av eit nasjonalt senter for odontofobi.